

Sakspapir

| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
|--------|---------------|------|------------|
| 029/23 | Formannskapet | PS | 23.03.2023 |
| | Kommunestyret | PS | |

| Sakshandsamar | Arkiv | ArkivsakID |
|---------------------|--|------------|
| Asbjørn Nagell Toft | FE-033, HistSak-20/4256, HistSak-22/651 | 23/93 |

Forskrift om saksbehandlingsgebyr for Bergen Havn Farvannsforvaltning IKS

Vedlegg:

Høring - forslag til forskrift om regulering av ferdsel med fritidsfartøy i Austrheim kommune, Vestland.PDF

Forskrift om regulering av ferdsel med fritidsfartøy - Austrheim kommune - Vestland - renskrevet versjon.PDF

Framlegg til vedtak:

I medhald av Lov om havner og farvann (havne- og farvannslova) av 21.06.2019 § 33 vedtek Austrheim kommune det framlagte forslaget til revidert forskrift om saksbehandlingsgebyr for Bergen Havn Farvannsforvaltning IKS.

Formannskapet - 029/23 - 23.03.2023

FS - behandling:

Avdelingsleiar Asbjørn Toft orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Handsaming i formannskapet:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samråystes vedteke

FS vedtak:

I medhald av Lov om havner og farvann (havne- og farvannslova) av 21.06.2019 § 33 vedtek Austrheim kommune det framlagte forslaget til revidert forskrift om saksbehandlingsgebyr for Bergen Havn Farvannsforvaltning IKS.

Saksopplysninger:

Bergen Havn Farvannsforvaltning IKS handsamar mynde som ligg til kommunane etter Lov om havner og farvann på vegne av Alver, Askøy, Austrheim, Bergen, Bjørnafjorden, Fedje og Øygarden kommuner. Lova har som formål å fremma sjøtransport som transportform og leggja til rette for effektiv, sikker og miljøvennleg drift av hamner og bruk av farvatn. I samband med revidering av forskrift om saksbehandlingsgebyr for Bergen Havn Farvannsforvaltning IKS må alle kommunane

vedta likelydande forskrift. Havne- og farvannsloven § 33 gir heimel til å fastsetja sakshandsamingsgebyr. Gebyra skal kun dekka kostnadane knytt til sakshandsaming av søknadar om løye for tiltak i sjø etter hfl. §14 i desse kommunane.

Forskrifta har no vore på høyring i alle kommunane. Bergen og Bjørnafjorden kommuner gav uttale. Ingen av desse kommunane hadde merknader til innhaldet ut over ein føresetnad om at satsane er sjølvkost. Heller ikkje Kystverket hadde merknader til saka. På bakgrunn av merknadane som er mottatt, har ikkje BHF IKS foretatt endringer i forskriftsforslaget etter høyringa.

Revisjon av Forskrift om saksbehandlingsgebyr for Bergen Havn Farvannsforvaltning IKS er no sendt til alle kommunane til godkjenning. Fremlagte forskrift vil erstatta Forskrift om saksbehandlingsgebyr for Bergen og Omland Farvannsforvaltning IKS av 05.06.2019.

Bergen Havn Farvannsforvaltning IKS har sendt ut likelydande brev og forslag til forskrift til desse kommunane. Brevet frå Bergen Havn Farvannsforvaltning IKS datert 15.09.2022 og forklarer bakgrunnen for å auka gebyra her og justera forskrifta etter dette.

Den vert kunngjort på Lovdata når alle dei 7 kommunene har vedteke forskrifta formelt.

Austrheim kommune sender elles søknadar/saker som skal handsamast etter **lov om havner og farvann** til Bergen Havn Farvannsforvaltning IKS. Gebyra vert sendt etter handsaming hjå Bergen Havn direkte til søker. Dette er søknadspliktige saker som normalt gjeld flytebryggjer, småbåthamner og andre tiltak knytt til sjø og farleia.

Vurdering:

Kommundirektøren synes revidert forskrift om saksbehandlingsgebyr for Bergen Havn Farvannsforvaltning IKS er fornuftig og grundig handsama. Sjølkost er eit førande prinsipp i slike saker og det er naturleg å justera gebrysatsane noko etter det vart gjort sist i 2019. Det vert differensiert mellom mindre og større tiltak, og det kjem fram av forskrifta kva som er mindre og større tiltak slik:

2. Saksbehandlingsgebyr

Til dekning av Bergen Havn Farvannsforvaltning IKS sine kostnader knyttet til behandling av søknader om tillatelse til tiltak i sjø, etter havne- og farvannsloven § 14, skal tiltakshaver betale gebyr etter følgende satser:

| Kategori | Beskrivelse av tiltak | Pris |
|----------|---|--|
| 1 | Mindre tiltak Tiltak som fortøyningsinstallasjon, enkel flytebrygge, mindre kai, utfylling og ledning | Kr. 6000,- |
| 2 | Større tiltak Tiltak som molo, bølgedemper, flytebryggearanlegg, mudring/graving, større utfylling, ledningsnett samt utbygginger av større omfang Flere tiltak på samme eiendom som totalt sett utgjør et større tiltak kan også omfattes. | Kr. 10.000,- |
| 3 | Befaring Tiltak som i tillegg til saksbehandling krever befaring, vil bli fakturert etter en minstesats på kr. 3000,- | Minstesats: Befaring i forbindelse med saksbehandling på kr. 3000,- |

Kommunedirektøren rår til at Austrheim kommune vedtek det framlagte forslaget til revidert forskrift om saksbehandlingsgebyr for Bergen Havn Farvannsforvaltning IKS.

Konklusjon:

Austrheim kommune vedtek det framlagte forslaget til revidert forskrift om saksbehandlingsgebyr for Bergen Havn Farvannsforvaltning IKS.